



Møte i FAU

Førde barneskule

Referat

Tid: Torsdag 24. oktober 2024 kl. 17.30
Stad: Førde barneskule

Til stades i møtet:

Klasse	FAU-kontakt	Møtt	Vara-FAU-kontakt	Møtt
1A	Ole Johnny Devik	X	Håvard Vallestad	
2A	Ingri Martine Fonn Macsik	X	Leni Gjervik	
3A	Silje Kathrine Vangsnes	X	Andreas Hjelset Håberg	
3B	Elin Holvik			
4A	Bergljot Hjelle	X		
5A	Linda Standnes Tønning	X	Ådne Kalgraff	
5B	Eirin Hegrenes	X		
6A	Hedda Håberg	X	Kay Arne Kalstad	X
7A	Liv Grimsbø	X	Mariann Husa	
7B	Lisbeth Lauritsen	X	Sakiba Arnautovic	

Elles møtte desse:

Thor Erlend Mehammer, avtroppande leiar
Trygve Hermansen, avtroppande nestleiar
Therese Helland, rektor

Sakliste

1. Konstituering av FAU
 - a. Gjennomgang av kven som er valt til FAU
 - b. Val av leiar
 - c. Val av nestleiar
 - d. Val av sekretær
 - e. Eventuelt val av kasserar
2. Skulereglar for Førde barneskule
3. Innkjøp av høgtalarar
4. Tenning av julegrana
5. Eventuelle saker frå administrasjonen
6. Stort og smått

Sakshandsaming

1. Konstituering av FAU

- a. Gjennomgang av kven som er valt til FAU
- b. Val av leiar
Silje Vangsnes
- c. Val av nestleiar
Ole Johnny Devik
- d. Val av sekretær
Hedda Håberg
- e. Eventuelt val av kasserar
Eirin Hegrenes

Leiar og nestleiar har signeringsmynde på vegne av verksemda/FAU.

2. Skulereglar for Førde barneskule

Therese hadde ein gjennomgang av reglane, tema for tema. FAU fekk høve til å kome med endringsframlegg på fleire punkt.

3. Innkjøp av høgtalarar - orienteringssak

I vår vart det bestemt at vi skal gjere innkjøp av høgtalarar, som kan nyttast til 17. mai og andre arrangement på skulen. Vi har, i samarbeid med Steinar Rune Ramberg (lærer på skulen), kjøpt inn 2 x JBL Partbox 710 høgtalarar. Kostnad på 13 470 ink. mva.

Vi fekk kommunen til å ta rekninga, slik at dei kunne skrive av momsen. Rekninga for FAU blei då på 10 776 kr.

Desse høgtalarane er mykje meir fleksible i bruk, og kan koplast via bluetooth.

Vedtak: FAU tek orienteringa til vitende.

4. Tenning av julegrana

Det er 3. trinn som har ansvar for arrangementet. FAU bestemmer dato, og bistår med lyssetting av juletreet i samarbeid med byggdriftarar og 3. trinn.

Torsdag 28. november, kl. 18. 3. trinn kjøper inn solbærsaft og pepperkake og står for servering av dette. Hugs diverse intoleranser. Administrasjonen organiserer klassene i høve sang. FAU tek kontakt med musikklaget.

30 pepperkake, med rest på 5 i fjor. 300 pappkrus. 6 flasker solbærsaft (dei store).

5. Eventuelle saker frå administrasjonen

Ingen saker.

6. Stort og smått

Få alt av dokumentar m.m. om 17. mai inn i googlekontoen til FAU.

Spørsmål i høve flytting av skulen. Vi bør få til ei løysing med skrivarløa som alternativ til todelt SFO og eventuelle andre aktivitetar.